

# Foreldrerådets arbeidsutval

REFERAT FRA ORDINÆRT MØTE 04.06.2025

## Deltakarar på møte

Ane (7A), Anja (1 trinn), Arthur (SFO), Hilde Kristin (5B), Bjørn Tore (4B), Kjersti (6A) Kastidi (3B), Pavlina (3A og 5A), Gwen (2.trinn)

Meldt fråfall: Kjell-Are (7B), Hege(4A), Arthur (SFO), Stine (6B), Agnes (1A)

## Aktuelle saker

### 2. Saker frå sist

#### 17.mai:

Ser ut som vi må utvide antall trinn som bidrar til 17.mai, på grunn av færre barn på trinna. Det er vanskeleg å engasjere foreldre til å delta, så har behov for økt engasjement for å lage gode 17.mai minner til barna og nærmiljøet.

FAU leiar skal ha ein evaluering av årets arrangement med 17.mai komiteen mtp framtidige arrangement

Toget gikk ikkje fram til hovudinngangen i år. Dette bidrog til at fleire eldre fekk sjå toget. Det må presiseres neste år at de må gå fram og rundt ved hovudinngangen.

Utfordringar med biler som prøver å presse seg forbi toget, bør vurdere vaksne til å ha ansvar for å sperre vegen når toget går.

### 3. Økonomi

**Informasjon:** Gode inntekter frå 17.mai i år. Det vi si at vi går i pluss som kan gå til å sponse aktiviteter på skulen.

**Drøfting:** Det må vurderast kva aktivitetar/arrangement FAU kan bidra til. I dag bistår FAU med ca 20 000kr til skidag. Dersom FAU skal støtte overnatting på Fjell festning vil det koste ca.40 000kr

**Tiltak:** Vurdere om vi heller skal støtte overnatting på Fjell festning og heller la skidag bli en del av vinterleiren i 6 klasse. Se om vi kan presse prisn ned noko med bruk av frivillige blant foreldre. Dersom det ikkje går, må vi vurdere andre moglegheiter.

#### 4. Anna

##### Smarttelefonfri barndom – Mobilfri skule

Informasjon: Smarttelefonfri Barndom er eit initiativ drevet av frivillige foreldre. Målet ved å fjerne smarttelefonen er å kunne ta barndommen tilbake igjen. Her kan FAU delta ved å vedta at man ønskjer å jobbe med å fjerne smarttelefonfri skule.

Anja tar ein gjennomgang av ein stor undersøkelse av smarttelefon og sosiale medier sin påverknad av barn og unge.

Tiltak: Det er ønskeleg at FAU-vedtar at ein jobber mot ein mobilfri skule. På grunn av lav oppslutning på møte, tas det ein avstemming blant FAU-deltarane digitalt. Ber alle i FAU og gjerne foreldre lese seg opp på kva dette initiativet er. Se [Smarttelefonfribarndom.no](http://Smarttelefonfribarndom.no)